



Didrik Håland Solberg  
Radøyvegen 3065  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1345 - 21/32233

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
11.05.2021

## Landbrukssak GBNR 415/8 Nordanger - Svar på søknad omlandbruksveg og steinbrudd

Administrativt vedtak: Saknr: 562/21

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Didrik Håland Solberg løyve til bygging av omsøkt veg på 415/8 Nordanger

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 31.05.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### Saka gjeld

Didrik H. Solberg har søkt om oppgradering av eksisterande traktorveg og eit lite steinbrot for bruk i vegen. Når steinen er brukt vert arealet nytta som snuplass og evt. oppstillingsplass. Vegen skal gje betre tilkomst til areala på eigedommen.

### VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheltsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vegen og steinbrotet/snuplass skal i denne saka gje betre veg til areala på eigedommen. Det er og planlagd å forlenga vegen på sikt for uttak av skog.

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort nokon funn som vil stogga vedtaket.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Alver kommune v/kulturavdelinga kom med innspel om at tiltaket ikkje vil vera til hinder for framtidig bruk av skogsvegen til friluftsmål, sjå vedlegg. Dei øvrige hadde ingen merknadar.

Ein bør visa omsyn i anleggsperioden med tanke på om det er nokon som nyttar vegen til friluftsmål. Om vegen er stengd ein periode kan ein gjerne henga opp eit skilt eller liknande.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1345

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Landbrukssak gbnr 415/8 Nordanger - Bed om uttale angående bygging av landbruksveg  
AcosSvarInn.xml  
Kulturminnefagleg fråsegn - Bygging av landbruksveg - gbnr 415/8 Nordanger

**Mottakarar:**

Didrik Håland Solberg

Radøyvegen 3065

5939

SLETTA